



## Skulehuset på Finse

Det gamle skulehuset på Finse ligg rett ved sida av togstasjonen.

Det er til leige for tilsette i heradet, for lokale organisasjonar i heradet og for leirskule.

Skulehuset kan ha overnatting for inntil 10 personar.

Skulehuset har bad og varme, ved og straum.

Dersom ein ynskjer å leiga Finse skule, gjer ein det på skjema på heimesida

<http://www.ulvik.kommune.no>



## REVIDERTE UTLEIGEREGLAR/BRUKSREGLAR FINSE SKULE 1.1.2022 HST VEDTAK 086/21

1. Finse skule skal leigast ut til alle som er busett i Ulvik herad, til private føremål og til frivillige lag og organisasjoner.
2. Ulvik herad ved Tenestetorget er ansvarleg for utleige av Finse skule. Tenestetorget administrerer drifta, utleigeordninga og er klageorgan.
3. Skulehuset kan ha overnatting for inntil 10 personar, grunna vanskeleg tilgjengeleg brannredningsteneste.
4. Ved leige skal det gjevast opp namn på ansvarleg leidgetakar. Ansvarleg leidgetakar mottek stadfesting på leigetilhøve.
5. Nøkkel vert utlevert på Tenestetorget mellom kl 9- 14, eller ta kontakt med Tenestetorget på tlf: 56527000, [postmottak@ulvik.kommune.no](mailto:postmottak@ulvik.kommune.no) for anna avtale.
6. Til vanleg er leigetida inntil 1 veke om gongen. I påskeferie, vinterferie (skuleferie), jakttida og jol/nyttår, er leigetida 4 dagar om gongen dersom fleire ynskjer å leiga. Utleige er etter «fyrstemann til mølla»- prinsippet.
7. Ulvik Røde Kors Hjelpekorps får (fyrsterett) leiga huset under Skarvarrennet.
8. Leiga vert justert i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Born under 16 år overnattar gratis på Finse Skulehus (gjeld ikkje leirskule!). Ein må betala leige etter tal bestilte netter dersom ein melder avbod mindre enn 3 dagar før avtala opphald.
9. Huset skal vaskast og ryddast etter bruk. Sjå eige oppslag med rettleiing for reinhald og boslevering. Dersom reingjeringa ikkje er tilstrekkeleg, kan du verta pålagt eit gebyr på kr 1000,-
10. Leidgetakar er ansvarleg for:
  - Å ta att alle vindauge, sløkkja ljós og låsa dører, også i vedhuset.
  - **At det står på straum i oppholdsrom og bad, vel 17 grader.**
  - Å levera nøkkel på Tenestetorget.
  - Elles ha orden i og kring huset.
11. Leidgetakar er ansvarleg for skader på hus og innbu, og pliktar å melda frå dersom det er feil/manglar/skade på Skulehuset. Ansvarleg leidgetakar pliktar også å setja seg inn i branninstruks for Finse skule (oppslag på huset).
12. Leidgetakar må retta seg etter utleige-/og bruksreglar for Finse skule. Dersom leidgetakar ikkje held dei reglar som er fastsett, kan det verta pårekna ekstra kostnad for leidgetakar. Ulvik herad kan også nekta vedkomande leidgetakar å leiga huset i kortare eller lengre tid.
13. For huset gjeld elles dei ålmenne politivedtekten.

Ulvik .....

For Tenestetorget i Ulvik herad .

## **Instruks for bruk av bygning ved utleige – Finse skule**

### **A. Branntryggleik**

1. Før innkvartering må ein gå ein runde i bygninga og gjera seg kjend med rømningsvegar.
2. Øvste etasje (loft) og kjellar er det forbode å bruka til overnatting heile året.
3. Unngå bruk av skøyteleidningar i bygget, dette er brannfarleg!
4. Unngå lading av telefon/nettbrett i senga, dette er brannfarleg!
5. Ikkje set bagasje/ryggsekk/anna utstyr slik at det er til hinder for evt. bruk av rømningsvegar.
6. Stearinljos skal vera sløkt før natta.
7. Hald komfyrvifta rein. Gamalt oljefeitt er brannfarleg.

### **B. Ordensreglar**

1. Skulehuset må vaskast etter bruk, og etterlatast i rein tilstand.
2. Hugs å ta med tilbake skitne moppar (leverast i skranken saman med nøklar) og bos.
3. Meld frå skriftleg dersom du oppdagar feil og manglar i huset.
4. Nøklar skal kvitterast ut skriftleg.

Instruksen er lest og forstått.

Dato:

Sign: